

1 Styring over egne kraftressursar

2 Oppland Senterparti ber stortingsrepresentantane om å stemme nei til at Norge skal underleggjast
3 EUs energibyrå ACER via ESA, når saka skal opp i Stortinget den 16. mars. Vi meiner at ei eventuell
4 suverenitetsavståing under alle omstende må bli behandla etter Grunnlova §115 som krev ¾ fleirtal.

5 Mykje og rimeleg fornybar kraft er ein viktig konkurransefordel. Oppland Senterparti meiner norsk
6 kraft fyrst og fremst skal brukast til å utvikle næringslivet i Norge og dekke det norske energibehovet.
7 Derfor må regjering og Storting reservere Norge mot suverenitetsavståing til EUs energibyrå ACER. Vi
8 ynskjer eit samarbeid på mellomstatleg nivå, og vil ikkje la viktige energipolitiske spørsmål og
9 energifordeling bli avgjort av ei byråkratisk overordna byrå i EU.

10 Det blir no bygd ein eksportkabel til Tyskland frå Sørlandet. I tillegg har Statnett konsesjon på ein ny
11 kabel til Skottland. Blir begge desse bygd kan nesten halvparten av all norsk kraftproduksjon
12 eksporterast. Krafta blir seld etter frimerkeprinsippet og vil gå dit prisen er høgast. I Norge er
13 straumprisen i dag vesentleg lågare enn i Storbritannia og Tyskland.

14 Det er all mulig grunn til å frykte at Norge vil importere ein europeisk straumpris og miste vår
15 viktigaste konkurransefordel, rimeleg og rein energi. Prosessindustrien i Norge står for 20 % av norsk
16 eksport og målet bør vere ein større prosentdel enn det. Dei aller fleste av desse bedriftene er
17 avhengige av ein føreseieleg og konkurransedyktig pris på straumen.

18 I denne situasjonen blir det fremma eit forslag om at Norge skal gje frå seg suverenitet til EUs
19 energibyrå ACER via overvaksingsorganet ESA. ACER har som formål å lage eit felles europeisk nett for
20 både gass og straum der nasjonale omsyn ikkje skal takast. Medan dagens samarbeid er rådgjevande,
21 skal ACER fatte bindande fleirtalsvedtak. Konkret blir det foreslått at ACER skal bestemme reglane for
22 når straumen skal flyte den eine eller andre vegen gjennom eksportkablane. Dei vil også bestemme
23 kven som skal betale ved ueinigheit, og det er uklart om Norge kan stoppe eksportkablur ut frå
24 nasjonale omsyn.

25 Det er også forslag om ny reguleringsmyndigheit for energi (RME) som vil bli ein helt ny
26 statsforvaltningsmessig konstruksjon, og noko vi ikkje har hatt tilsvarande av i Norge i fredstid sidan
27 1905. RME er ein reguleringsmyndigheit for energi som ingen norsk myndighet kan påverke, som skal
28 kopiere vedtak gjort av ACER. Ein slik uavhengig reguleringsmyndigheit vil i praktisk forstand stride
29 mot prinsipp i Grunnloven.

30 Det å gje frå oss den regulatoriske myndigheita, og styringsmoglegheit som i dag ligg hos NVE og
31 Statnett, vil vere ei høgst usikker retning for norsk energipolitikk.

32 Oppland Senterparti krev at:

- 33 - Dei juridiske forplikingar dette medfører vert betre utgreid
- 34 - Vedtak om energibyrå-forordninga vert stemt over som praktisk suverenitetsavståelse etter
- 35 Grunnlova § 115

36